

Arild Lillenes på Stord, som eig selskapet Uskedalen Egedomsutvikling, vonar at dei første av tilsaman åtte planlagde einebustader på Eiklandet kan stå klare til sommaren.

No er det gamle trelastlageret jamna med jorda og den 2,3 mål store tomta klar for vidare arbeid. Bergensarkitekten som har jobben med å teikna prosjektet er inne i siste fase og søknaden om byggeløyve vil bli sendt kommunen om stutt tid.

Det opplysar Lillenes til uskedalen.no. Men han torer ikkje å seie så mykje om den vidare framdrifta, for det er ein rekkje bitar som skal på plass.

Det skal først opp frittliggande einebustader på tomta og alle åtte blir på 102 kvadratmeter med kjøken, to stover og tre soverom. Allereie like etter at salet var kunngjort sist sommar, meldte det seg interessentar.

- Du er ikkje redd for at nærleiken til riksvegen kan vera ei ulempe med omsyn til støyen?
- Nei, er er ikkje det. For det første går riksvegen ganske høgt over dei planlagde husa. For det andre bør det ikkje vera noko problem i våre dagar å skjerma bustadane effektivt mot støyen, svarar Lillenes.

Av Ola Matti Mathisen